

Referat årsmøte i Klepp Mållag 16.02.2016.



Tysdag 16.februar 2016 kl.19.30 hadde Klepp Mållag årsmøte i møtelokalet til Jæren Sparebank på Klepp. Klepp Mållag har no 62 medlemmer. 10 personar møtte. Leiaren i Rogaland Mållag, Magne Viggo Høyland, var også med oss.

Else Berit Hattaland ønskte velkommen og presenterte programmet.

Torvald Tu-pris

Ho delte ut Torvald Tu-prisen til Klepp historielag, ein plakett, og ein sjekk på ti tusen kroner gitt av Jæren Sparebank, og grunn gav utdelinga. «Dei får prisen for det gode arbeidet med å fortelja vidare Klepp sine små og store historier, ofte på nynorsk. Styret i Klepp Mållag tykkjer det er viktig å støtta opp om lokal skriftproduksjon på nynorsk og såleis visa at me set pris på arbeidet gruppa utfører.»

Kari Steinskog takka på vegne av historielaget, og fortalde om arbeidet for vern av lokalhistorisk område.

Servering av mat og kaffi/te.

Årsmøte

- Godkjenning av innkalling og sakliste.
- Else Berit Hattaland blei valt som møteiar, og Berit Brusli som møteskrivar.
- Ingrid Lotsberg Norås og Torvald Bore vart valde til å skriva under møteboka.
- Årsmeldinga for 2015 blei lagt fram av Else Berit Hattaland. Årsmeldinga blei godkjend. Ho la vekt på viktig vidare arbeid med å fremja nynorsk i samband med eventuell kommunesamanslåing, og presenterte vidare framlegg til arbeidsprogram for 2016. Forslag til arbeidsprogram blei vedteke.
- Rekneskapen blei lagt fram av Ove Harald Fossen. Rekneskapen blei godkjent.
- Arild Ånestad blei attvald som revisor for eitt år.
- Årspengar, inga endring i lokallagsats.
- Else Berit Hattaland las opp forslaget frå valnemda om nytt styret. Forslaget blei vedteke. Det nye styret for 2016 vil vera:
Leiar Else Berit Hattaland.
Ingrid Lotsberg Norås.
Ove Harald Fossen.
Annvor Erås og Berit Brusli gjekk ut av styret og fekk med seg kvar sin koselege CD med Torvald Tu-stubbar. Norunn Anda går også ut av styret. Ho var hindra frå å vera på møtet.
- Val av ny representant til valnemnd
Margareth Skrettingland Roba går ut av valnemnda. Nye medlemmer er Berit Brusli og Annvor Erås.

Kleppe, den 22.02.2016.

Berit Brusli, skrivar.

Ingrid Lotsberg Norås

Torvald Bore

Ingrid Lotsberg Norås

Torvald Bore